Sogn regionråd

Møteprotokoll

Utval: **SOGN REGIONRÅD**
Møtestad: Lærdal rådhus
Møtedato: 16.09.2016 **Tid:** 09:30 - 15:00

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
16/16	16/92 **Sognebåten - utgreiing om endringar av rutetilbodet**
17/16	16/596 **Bustadstrategi for Sogn**
18/16	16/3107 **Auka satsing på psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn**
19/16	16/3623 **Søknad om støtte til Framtidsfylket sine karrieremesser 2017**
20/16	16/3941 **Budsjettramme 2017 for Sogn regionråd**
21/16	16/2935 **NOU 2016:4 Ny kommunelov - høyringsvar**
22/16	16/3450 **Endring av konsesjonslov, jordlov og odelslov - høyringssvar**
23/16	16/3919 **Retningsliner for lokalisering av handel og kjøpesenter i fylket - høyringssvar**
24/16	16/482 **Orienteringssaker i Sogn regionråd**

A. Desse møtte:

Faste medlemmar
Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune Noralv Distad, ordførar Aurland kommune Harald N. Offerdal, ordførar Balestrand kommune Jon Håkon Odd, ordførar Leikanger kommune Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune Olav Turvoll, ordførar Vik kommune Arild Ingar Lægreid, ordførar Årdal kommune
Medlemmar
Karina Nerland, dagleg leiar Alf Olsen, rådmann Lærdal kommune
Andre
Kaare Songstad, politimeister Vest politidistrikt og Arne Johannessen, lensmann Sogndal og Luster lensmannskontor Harald Husabø, BDO

B. Ordførar Jan Geir Solheim ønskte velkomen til Lærdal
C. Innkalling godkjent utan merknader
D. Protokoll frå møtet 17.6.2016 godkjent utan merknader.

Sak 16/16
Sognebåten - utgreiing om endringar av rutetilbodet

Tilråding:
Sogn regionråd tek rapporten om «Utgreiing av endringar i rutetilbodet for Sognebåten» av 1.9.2016 til vitande og meiner den gir eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Sogn regionråd set av inntil kr 40 000 av regionale utviklingsmidlar i 2016 til oppfølgingsarbeidet.

Handsaming
Utkast til presentasjon til politikardagen vart omdelt i møtet. Dokumentet inneheld budsjett- og finansieringsplan.

Vedtak:

Sogn regionråd tek rapporten om «Utgreiing av endringar i rutetilbodet for Sognebåten» av 1.9.2016 til vitande og meiner den gir eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Sogn regionråd set av inntil kr 40 000 av regionale utviklingsmidlar i 2016 til oppfølgingsarbeidet.

Sak 17/16
Bustadstrategi for Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd tek rapporten «Bustadstrategi for Sogn» av 26.8.2016 til vitande og meiner rapporten er eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Sogn regionråd oppmodar om at kommunane godkjenner bustadstrategien og deltek i vidare arbeid som skissert i rapporten.

Med positive vedtak i kommunane set Sogn regionråd av regionale utviklingsmidlar kr 150 000 kvart år for 2017-2019.

Vedtak:

Sogn regionråd tek rapporten «Bustadstrategi for Sogn» av 26.8.2016 til vitande og meiner rapporten er eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Sogn regionråd oppmodar om at kommunane godkjenner bustadstrategien og deltek i vidare arbeid som skissert i rapporten.

Med positive vedtak i kommunane set Sogn regionråd av regionale utviklingsmidlar kr 150 000 kvart år for 2017-2019.

Sak 18/16
Auka satsing på psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek å invitere Helse Førde til å bli ein formell deltakar i «Partnarskapsavtale for styrka psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn».

Sogn regionråd vedtek å delfinansiere punkt 3G i gjeldande partnarskapsavtale, Ph.D. prosjektet «KLAPP» med kr 200 000 i 2017 og kr 50 000 i 2018.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek å invitere Helse Førde til å bli ein formell deltakar i «Partnarskapsavtale for styrka psykisk helse i barnehagar og skular i Sogn».

Sogn regionråd vedtek å delfinansiere punkt 3G i gjeldande partnarskapsavtale, Ph.D. prosjektet «KLAPP» med kr 200 000 i 2017 og kr 50 000 i 2018.

Sak 19/16
Søknad om støtte til Framtidsfylket sine karrieremesser 2017

Tilråding:
Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2017.

Vedtak:

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2017.

Sak 20/16
Budsjettramme 2017 for Sogn regionråd

Tilråding:
Sogn regionråd vedtek budsjettramma for 2017 slik den ligg føre.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek budsjettramma for 2017 slik den ligg føre.

Sak 21/16
NOU 2016:4 Ny kommunelov - høyringsvar

Tilråding:
Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

Kommunane har ansvar for dei mest basale tenestene for alle innbyggarane og som samfunnsutviklar og tilretteleggar for næringsliv og arbeidsplasser rundt om i landet. Eit grunnleggande prinsipp i demokratiet vårt er at kommunar er styrt av politikarar som er valde av innbyggarane. Mange av forslag i NOU-en er bra, men vi er bekymra for at nokre overordna forslag vil endre grunnleggande kva ein kommune er. Eit velfungerande lokalt demokrati, med god og brei rekruttering, krev at kommunane vert organisert på ein måte som gjer det attraktivt å være folkevald. Sogn regionråd meiner at samfunnet er tent med å styrke kommunane som folkevalde, sjølvstyrte forvaltningsorgan som ivaretek innbyggarane og næringsliv gjennom partsbasert utviklingsarbeid, og utan å vere kommersialiserte.

Særskilde kommentarar

Formålet
Ein sentral del av vårt demokrati er at innbyggarane vel personar til å representere seg i sitt lokalmiljø, i sin kommune. Nettopp det at desse representantane er valt for å styre kommunen på vegne av innbyggarane, er bakgrunnen for at vi i Norge seier vi har folkestyre. Difor er det problematisk at fokuset i forslag til nytt formål i § 1 er «sjølvstyrte kommunar», og at "folkestyre" er tatt ut av lovteksten. Sjølvstyre er sjølvsagt viktig for kommunar, men utan at det er folkevalde som styrer, kan vi få heilt andre kommunar enn vi har i dag, sidan også for eksempel aksjeselskap er sjølvstyrte. Kommunane sitt sjølvstyre er forøvrig godt dekka i kapittel 2 i lova, i tillegg til at kommunalt sjølvstyre er grunnlovsfesta.
Sogn regionråd ønskjer å vidareføre dagens formålsparagraf der folkestyret er hovudfokus og støttar mindretalet si innstilling til «formålsparagraf» i § 1-1.

Folkevald - definisjon
I kapittel 5 vert innhaldet i definisjonen av «folkevald» svekka fordi også «personer som et folkevalgt organ har valgt inn i et folkevalgt organ» er å sjå som folkevalt (§ 5-1, 4. ledd). Det er vanlegvis dei politiske partia og ikkje dei valde politikarane som vel personar til å styre verksemder eller til å vere styrerepresentantar der. Det gjer imidlertid ikkje desse utvalde personene til «folkevalte», men til oppnemnde av kommunen. Når i tillegg definisjonen av kva som er eit folkevalt organ vert utvida til å omfatte mellom anna styre for ein institusjon, styre for delar av kommunal verksemd eller kommunalt føretak og regionråd (§ 5-1), vert den verkelege folkevalde styringa med kommunen og kommunen si verksemd svekka.
Dette er spesielt problematisk i forhold til innsyn/openheit og allmenne omsyn, der ein ikkje vald person å avgjere om ei sak skal haldast for lukka dører, jfr. § 11-5 5. ledd.
Sogn regionråd støttar ikkje den utvida definisjonen av «folkevalgt» og ønskjer ein klar regel for at folkevalde berre er dei som vert valde eller er vara til kommune- og fylkestingsval.
Sogn regionråd støttar elles fleirtalet si innstilling om å oppretthalde at minst 40 % skal vere representert frå kvart kjønn ved val til folkevalt organ (§ 7-6 4.ledd)

Administrasjonen og rådmannen si rolle
Det vert foreslått at rådmannen, som er foreslått endra til kommunedirektør, skal få større ansvar for tilsette og større ansvar for oppgåver (§ 13-1).

Sogn regionråd er einig i at administrasjonen og rådmannen som administrativ sjef skal ha klare ansvarsområde. På den bakgrunn støttar også Sogn regionråd utvalet sitt forslag om at rådmannen (kommunedirektøren) skal ha eit lovfesta ansvar for personalsaker.

Sogn regionråd støttar imidlertid ikkje den nye stillingstittelen kommunedirektør, som blir brukt i Danmark. I Sverige er stillinga kommunesjef. I Norge er rådmann ein godt innarbeidd stillingstittel som speglar oppgåver og funksjonen til kommunen sin øverste administrative leiar på ein god måte.

Ordførar
Sogn regionråd meiner det er uheldig at ein folkevald ordførar skal kunne avsettast, til tross for sterke krav, og støttar mindretalet si innstilling til § 7-11 andre, fjerde og femte ledd. Det er ingen parallell til slik regulering innan vårt demokratiske system.

Økonomireglementet
Fleire retningslinjer i økonomireglementet er vidareføringar, med ein del innskjerpingar og klargjeringar som Sogn regionråd er positive til. Mellom anna presiseringa av skilje mellom drift og investering i § 14-9, lovregulering av sjølvkost § 15-1 og krav til at det skal vedtakast måltall om kommunen sin økonomi, § 14-2 c. Fram til no har skiljet mellom drift og investering vert regulert gjennom forskrift og utdjupa av «God kommunal regnskapsskikk»(GKRS), medan sjølvkost berre har vert knytt til enkelte område. Sogn regionråd meiner det er fornuftig at desse forholda vert regulert direkte i lova og at dei vert utdjupa i forskrift.

Internkontroll
Sogn regionråd støttar også forslaga i NOU-en om betre internkontroll. Sogn regionråd meiner at styrka internkontroll må innebere redusert omfang av statleg tilsyn med kommunane, slik utvalet sjølv peikar på. Sogn regionråd meiner at ei lovendring om betre internkontroll i kommunane må kombinerast med ei rapporteringsordning for statlege tilsynsorgan som viser utviklinga i omfanget av statleg tilsyn retta mot kommunane. Omfanget av statlege tilsyn bør jamleg drøftast i konsultasjonsmøta mellom regjeringa og KS.

Oppgåvefellesskap
Det vert opna for ein ny type samarbeid mellom kommunar som ønskjer å få utført ei oppgåve i fellesskap, kalla oppgåvefellesskap, jfr § 19-1. I eit slikt oppgåvefellesskap vil kvar enkelt deltakar ha uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av fellesskapet sine plikter. Dei oppgåvefellesskapa som vert skilt ut som eigne rettssubjekt, blir nærast å betrakte som noverande interkommunalt selskap med eit representantskap som øverste organ, jfr. § 19-3 Sogn regionråd konstaterer at retningslinjene i § 19-1 er å lese som ”kan”, og legg til rette for at kommunalt oppgåvefellesskap også kan etablerast som ein del av kommunen som rettssubjekt.

Kontrollutval
Det vert vurdert å ikkje lovfeste eksisterande praksis om at kontrollutvalet sin leiar skal vere frå eit anna parti enn det som ikkje blir sett på som i posisjonen i kommunestyret. Denne praksisen er viktig i demokratisk samanheng og Sogn regionråd foreslår at dette vert lovfesta i eigen paragraf.

Kommunale føretak
Det er foreslått av utvalet at kommunestyrerepresentantar og vararepresentantar ikkje kan vere styremedlemmer i kommunale føretak, jfr. § 9-5 2. ledd. Grunngjeving er habilitetsproblem og dobbeltroller.

Kommunar er ikkje-kommersielle forvaltningsorgan som skal ivareta innbyggarar og næringsliv. Sogn regionråd meiner difor det er uproblematisk at styremedlemmane i

kommunale føretak vert valde av og blant kommunestyret sine medlemmar. Det kan tvert i mot vere ein fordel for den totale styringa av kommunen si verksemd at det vert vald representantar som har kunnskap om ei bestemt verksemd som styrerepresentant. Sogn regionråd meiner at det er først når det er kommersielle interesser at spørsmålet om habilitet er relevant. Spørsmålet om habilitet er viktig, men då i forhold til moglegheitene til å skaffe fordeler til seg sjølv. I ei kommunal verksemd vil ikkje ei grunngjeving utfrå forretningsløyndom vere relevant. Sogn regionråd føreslår difor at § 9-5 2. ledd vert stroke.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

Kommunane har ansvar for dei mest basale tenestene for alle innbyggarane og som samfunnsutviklar og tilretteleggar for næringsliv og arbeidsplasser rundt om i landet. Eit grunnleggande prinsipp i demokratiet vårt er at kommunar er styrt av politikarar som er valde av innbyggarane. Mange av forslag i NOU-en er bra, men vi er bekymra for at nokre overordna forslag vil endre grunnleggande kva ein kommune er. Eit velfungerande lokalt demokrati, med god og brei rekruttering, krev at kommunane vert organisert på ein måte som gjer det attraktivt å være folkevald. Sogn regionråd meiner at samfunnet er tent med å styrke kommunane som folkevalde, sjølvstyrte forvaltningsorgan som ivaretek innbyggarane og næringsliv gjennom partsbasert utviklingsarbeid, og utan å vere kommersialiserte.

<u>Særskilde kommentarar</u>

Formålet

Ein sentral del av vårt demokrati er at innbyggarane vel personar til å representere seg i sitt lokalmiljø, i sin kommune. Nettopp det at desse representantane er valt for å styre kommunen på vegne av innbyggarane, er bakgrunnen for at vi i Norge seier vi har folkestyre. Difor er det problematisk at fokuset i forslag til nytt formål i § 1 er «sjølvstyrte kommunar», og at ”folkestyre” er tatt ut av lovteksten. Sjølvstyre er sjølvsagt viktig for kommunar, men utan at det er folkevalde som styrer, kan vi få heilt andre kommunar enn vi har i dag, sidan også for eksempel aksjeselskap er sjølvstyrte. Kommunane sitt sjølvstyre er forøvrig godt dekka i kapittel 2 i lova, i tillegg til at kommunalt sjølvstyre er grunnlovsfesta.
Sogn regionråd ønskjer å vidareføre dagens formålsparagraf der folkestyret er hovudfokus og støttar mindretalet si innstilling til «formålsparagraf» i § 1-1.

Folkevald - definisjon

I kapittel 5 vert innhaldet i definisjonen av «folkevald» svekka fordi også «personer som et folkevalgt organ har valgt inn i et folkevalgt organ» er å sjå som folkevalt (§ 5-1, 4. ledd). Det er vanlegvis dei politiske partia og ikkje dei valde politikarane som vel personar til å styre verksemder eller til å vere styrerepresentantar der. Det gjer imidlertid ikkje desse utvalde personene til «folkevalte», men til oppnemnde av kommunen. Når i tillegg definisjonen av kva som er eit folkevalt organ vert utvida til å omfatte mellom anna styre for ein institusjon, styre for delar av kommunal verksemd eller kommunalt føretak og regionråd (§ 5-1), vert den verkelege folkevalde styringa med kommunen og kommunen si verksemd svekka.
Dette er spesielt problematisk i forhold til innsyn/openheit og allmenne omsyn, der ein ikkje vald person å avgjere om ei sak skal haldast for lukka dører, jfr. § 11-5 5. ledd.
Sogn regionråd støttar ikkje den utvida definisjonen av «folkevalgt» og ønskjer ein klar regel for at folkevalde berre er dei som vert valde eller er vara til kommune- og fylkestingsval.
Sogn regionråd støttar elles fleirtalet si innstilling om å oppretthalde at minst 40 % skal vere representert frå kvart kjønn ved val til folkevalt organ (§ 7-6 4.ledd)

Administrasjonen og rådmannen si rolle
Det vert foreslått at rådmannen, som er foreslått endra til kommunedirektør, skal få større ansvar for tilsette og større ansvar for oppgåver (§ 13-1).

Sogn regionråd er einig i at administrasjonen og rådmannen som administrativ sjef skal ha klare ansvarsområde. På den bakgrunn støttar også Sogn regionråd utvalet sitt forslag om at rådmannen (kommunedirektøren) skal ha eit lovfesta ansvar for personalsaker.
Sogn regionråd støttar imidlertid ikkje den nye stillingstittelen kommunedirektør, som blir brukt i Danmark. I Sverige er stillinga kommunesjef. I Norge er rådmann ein godt innarbeidd stillingstittel som speglar oppgåver og funksjonen til kommunen sin øverste administrative leiar på ein god måte.

Ordførar
Sogn regionråd meiner det er uheldig at ein folkevald ordførar skal kunne avsettast, til tross for sterke krav, og støttar mindretalet si innstilling til § 7-11 andre, fjerde og femte ledd. Det er ingen parallell til slik regulering innan vårt demokratiske system.

Økonomireglementet
Fleire retningslinjer i økonomireglementet er vidareføringar, med ein del innskjerpingar og klargjeringar som Sogn regionråd er positive til. Mellom anna presiseringa av skilje mellom drift og investering i § 14-9, lovregulering av sjølvkost § 15-1 og krav til at det skal vedtakast måltall om kommunen sin økonomi, § 14-2 c. Fram til no har skiljet mellom drift og investering vert regulert gjennom forskrift og utdjupa av «God kommunal regnskapsskikk»(GKRS), medan sjølvkost berre har vert knytt til enkelte område. Sogn regionråd meiner det er fornuftig at desse forholda vert regulert direkte i lova og at dei vert utdjupa i forskrift.

Internkontroll
Sogn regionråd støttar også forslaga i NOU-en om betre internkontroll. Sogn regionråd meiner at styrka internkontroll må innebere redusert omfang av statleg tilsyn med kommunane, slik utvalet sjølv peikar på. Sogn regionråd meiner at ei lovendring om betre internkontroll i kommunane må kombinerast med ei rapporteringsordning for statlege tilsynsorgan som viser utviklinga i omfanget av statleg tilsyn retta mot kommunane. Omfanget av statlege tilsyn bør jamleg drøftast i konsultasjonsmøta mellom regjeringa og KS.

Oppgåvefellesskap
Det vert opna for ein ny type samarbeid mellom kommunar som ønskjer å få utført ei oppgåve i fellesskap, kalla oppgåvefellesskap, jfr § 19-1. I eit slikt oppgåvefellesskap vil kvar enkelt deltakar ha uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av fellesskapet sine plikter. Dei oppgåvefellesskapa som vert skilt ut som eigne rettssubjekt, blir nærast å betrakte som noverande interkommunalt selskap med eit representantskap som øverste organ, jfr. § 19-3
Sogn regionråd konstaterer at retningslinjene i § 19-1 er å lese som ”kan”, og legg til rette for at kommunalt oppgåvefellesskap også kan etablerast som ein del av kommunen som rettssubjekt.

Kontrollutval
Det vert vurdert å ikkje lovfeste eksisterande praksis om at kontrollutvalet sin leiar skal vere frå eit anna parti enn det som ikkje blir sett på som i posisjonen i kommunestyret. Denne praksisen er viktig i demokratisk samanheng og Sogn regionråd foreslår at dette vert lovfesta i eigen paragraf.

Kommunale føretak
Det er foreslått av utvalet at kommunestyrerepresentantar og vararepresentantar ikkje kan vere styremedlemmer i kommunale føretak, jfr. § 9-5 2. ledd. Grunngjeving er habilitetsproblem og dobbeltroller.

Kommunar er ikkje-kommersielle forvaltningsorgan som skal ivareta innbyggarar og næringsliv. Sogn regionråd meiner difor det er uproblematisk at styremedlemmane i kommunale føretak vert valde av og blant kommunestyret sine medlemmar. Det kan tvert i mot vere ein fordel for den totale styringa av kommunen si verksemd at det vert vald representantar som har kunnskap om ei bestemt verksemd som styrerepresentant. Sogn regionråd meiner at det er først når det er kommersielle interesser at spørsmålet om habilitet er relevant. Spørsmålet om habilitet er viktig, men då i forhold til moglegheitene til å skaffe fordeler til seg sjølv. I ei kommunal verksemd vil ikkje ei grunngjeving utfrå forretningsløyndom vere relevant. Sogn regionråd føreslår difor at § 9-5 2. ledd vert stroke.

22/16

Sak **Endring av konsesjonslov, jordlov og odelslov - høyringssvar**

Tilråding:
Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

Sogn regionråd har ikkje merknader til forslaga om:

- Fastsetjing av beløpsgrensa for priskontroll etter forskrift med heimel i konsesjonslova
- Endring av reglane for tilbakebetaling av tilskot i jordlova § 18.

Sogn regionråd støttar ikkje forslaga om:

- Å heve arealgrensa for konsesjon og odel frå 25 til 35 dekar.
  Ei ev heving vil vere svært negativ for å kunna oppretthalda busetjinga kringom i bygdene. Tiltaket vil også redusere produksjonen og svekke landbruksmiljøet. Det bør vere same arealgrensa for konsesjonsplikt og odlingsjord.
- Fritak for priskontroll ved sal av reine skogeigedomar og for ubebygde, kombinerte skogeigedomar.
  Heving av arealgrensa for priskontroll for bebygde, kombinerte jord- og skogeigedomar frå 25 til 35 dekar. Priskontrollen bør oppretthaldast, som i dag både for type eigedom og arealstorleik, for å sikra pris som speglar avkastning og opprettheld mest mogeleg lokalt eigarskap.
- Unntak frå handsaming etter jordlova og konsesjonslova for frådeling av tun inntil 5 daa og sal av tilleggsjord.
  Unntak frå jordlova § 12 for frådeling av ubebygde tomter inntil 2 daa til bustad, fritid og naust. Kommunane bør sjå til at slike ordningar tek omsyn til framtidig landbruksdrift, at arrondering og grenser ikkje medfører unødige driftsulemper, skapar motsetningar, interessekonflikter og svekker ålmenne interesser.
- Forslag om endring av jordlova § 8 om driveplikt.
  Å innfri pålegg om driveplikt utan langsiktig og forpliktande leigeavtale vil lett føra til å unngå driveplikta. Langsiktig leigeavtale skal også gi leigetakar føreseielege vilkår.

For nærare grunngjeving av høyringsinnspelet vert det synt til saksutgreiinga.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

Sogn regionråd har ikkje merknader til forslaga om:

- Fastsetjing av beløpsgrensa for priskontroll etter forskrift med heimel i konsesjonslova
- Endring av reglane for tilbakebetaling av tilskot i jordlova § 18.

Sogn regionråd støttar ikkje forslaga om:

- Å heve arealgrensa for konsesjon og odel frå 25 til 35 dekar.
  Ei ev heving vil vere svært negativ for å kunna oppretthalda busetjinga kringom i bygdene. Tiltaket vil også redusere produksjonen og svekke landbruksmiljøet. Det bør vere same arealgrensa for konsesjonsplikt og odlingsjord.
- Fritak for priskontroll ved sal av reine skogeigedomar og for ubebygde, kombinerte skogeigedomar.
  Heving av arealgrensa for priskontroll for bebygde, kombinerte jord- og skogeigedomar frå 25 til 35 dekar. Priskontrollen bør oppretthaldast, som i dag både for type eigedom og arealstorleik, for å sikra pris som speglar avkastning og opprettheld mest mogeleg lokalt eigarskap.
- Unntak frå handsaming etter jordlova og konsesjonslova for frådeling av tun inntil 5 daa og sal av tilleggsjord.
  Unntak frå jordlova § 12 for frådeling av ubebygde tomter inntil 2 daa til bustad, fritid og naust. Kommunane bør sjå til at slike ordningar tek omsyn til framtidig landbruksdrift, at arrondering og grenser ikkje medfører unødige driftsulemper, skapar motsetningar, interessekonflikter og svekker ålmenne interesser.
- Forslag om endring av jordlova § 8 om driveplikt.
  Å innfri pålegg om driveplikt utan langsiktig og forpliktande leigeavtale vil lett føra til å unngå driveplikta. Langsiktig leigeavtale skal også gi leigetakar føreseielege vilkår.

For nærare grunngjeving av høyringsinnspelet vert det synt til saksutgreiinga.

Sak 23/16
Retningsliner for lokalisering av handel og kjøpesenter i fylket - høyringssvar

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

Bakgrunnen for eksisterande retningslinjer er å sikre levande sentra, med ei aktiv handelsverksemd, og redusere omfanget av handelsrelatert biltrafikk. Auka trafikk som følgje av lokalisering av kjøpesentra utanom eksisterande tettstader/sentra vil gje negative miljøverknader i form av auka klimagassutslepp og andre negative miljøverknader frå biltrafikk. Endring av retningslinjene vil ha ein negativ miljøverknad.

Endring av retningslinjer vil også påverka fordelinga av handselsverksemdene i fylket. Det er grunn til å rekne med at etablering av handelsområde på Brulandsvellene utanfor Førde sentrum vil ha negativ verknad for handselsverksemder i Nordfjord, andre område i Sunnfjord og Ytre Sogn og for Sogn. Sogn regionråd kan ikkje stille seg bak endring av retningslinjene som verkar konkurransevridande mellom handelsverksemder i fylket og som har negativ miljøverknad. Sogn regionråd meiner at retningslinjene ikkje bør endrast, og at fylkeskommunen vidarefører eksisterande retningslinjer for lokalisering av handel.

Handsaming

Det kom følgjande endringsframlegg:

Bakgrunnen for eksisterande retningslinjer er å sikre levande sentra, med ei aktiv handelsverksemd, og redusere omfanget av handelsrelatert biltrafikk.

Sogn regionråd meiner at dersom retningslinjene skal endrast må regionane høyrast og involverast breiare.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek følgjande fråsegn:

Bakgrunnen for eksisterande retningslinjer er å sikre levande sentra, med ei aktiv handelsverksemd, og redusere omfanget av handelsrelatert biltrafikk.

Sogn regionråd meiner at dersom retningslinjene skal endrast må regionane høyrast og involverast breiare.

Sak 24/16
Orienteringssaker i Sogn regionråd

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
   - Møte i styringsgruppa for prosjektet om nye politidistrikt den 5.9.2016
   - Møte med Fylkesmannen om kommunereforma
2. Innspel frå medlemane
   - Toalettforholda i regionen og vårt ansvar som vertskap. Sogn regionråd vil be Visit Sognefjord kontakta fylkeskommunen for eit møte med aktuelle aktørar.
3. Arbeidsgruppene
   - Samferdslegruppa: Aust-vest sambandet prioritet fram til avgjerd i NTP 2018-2029 før sommaren:
     - Vegkonferanse 25.8.2016 arrangert av interessefellesskapa
     - I KVU av 1.9.2016 konkluderer Statens vegvesen med Hemsedal som beste heilskapsløysinga.
   - Helsegruppa: Ber om møte med Helse Førde om ambulansesituasjonen og forespørselen frå HLF Sogn og Fjordane om audiograf.
4. Rådmannsgruppa
   - Ecoinowaste
   - NAV- færre kontor
   - Finansiering av musea
5. Administrasjon
   - Regionalplan – Regional analyse (utkast) frå Telemarksforsking kjem 19.9.16
   - System for styrka læring:
     - Programleiar – tilsetjingsfase
     - Psykolog – utlysing i oktober
     - Høgskulen i Sogn og Fjordane kjem snart med ein rapport om lærande barnehagar i Sogn.

6. Utgreiing av fylkesmannens framtidige struktur, 8.7.2016 (vedlegg).
7. Intensjonsavtalen for ny Vestlandsregion av 15.9.2016 vart omdelt i møtet. Noralv Distad orienterte om avtalen.
8. Framlegg til felles fråsegn om statlege arbeidsplassar vart omdelt i møtet. Jon Håkon Odd orienterte. Rådet slutta seg til fråsegna.
9. Notat om statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar, 1.9.2016 (vedlegg). Rådet slutta seg til at den vert sendt ut før fellesmøtet.
10. Finansiering av musea: Rådet ber rådmannsgruppa sjå på fordelingsnøkkelen frå 2018.
11. Opprop til Stortinget mot nedlegging av HV 11 - heimevernsdistriktet som dekker Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Rådet støtta oppropet.
12. Organisering av politidistriktet ved politimeister Kaare Songstad og regionlensmann Arne Johannessen. Rådet lagar utkast til fråsegn til arbeidsgruppa sitt forslag til ny struktur.

Skriv og meldingar. Refererte.

1. Fråsegner frå Sogn regionråd:
    a. Utgreiing av ny kontorstruktur i Skatteetaten, 22.6.2016
    b. Nasjonal transportplan 2018-2027 til Samferdselsdepartementet, 23.6.2016
    c. Samanslåing av Sogn tingrett og Fjordane tingrett - til Justis- og beredskapsdepartementet, 23.8.2016
    d. Fv 53 Årdal-Tyin - døgnopen heilårsveg til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 29.8.2016
2. Regionreforma: Orientering og diskusjon med regionråda –møtereferat 23.8.2016
3. Regionalplan 2017-2020 – følgjebrev 30.8.2016 og program for felles formannskapsdag 30.9.2016
4. Brev frå HLF Sogn og Fjordane av 2.9.2016
5. Fråsegn frå Indre Sogn jordskifterett av 25.8.2016
6. Tilbod vg 1 design og handverk frå Kristin Råsberg, 2.9.2016

Petter Sortland
leiar

Noralv Distad

Jon Håkon Odd

Karina Nerland